

Videre

Folkekjær og kontroversiell



Foto: Aage Storløkken / Aktuell / Scanpix

☞ Inger Johanne Hagerup (1905–1985), fødd Halsør, er ein av våre mest folkekjære diktarar gjennom tidene. Mange av dikta hennar har vorte ståande som høgdepunkt i lyrikkarven vår.

☞ Men Hagerup var også kontroversiell – og ein radikal kritikal av den gjeldande samfunnsordninga. I den kulturelle produksjonen hennar finn vi noko av den same spennvidda og spontaniteten som hos dei store folkekjære og kontroversielle poetane Henrik Wergeland og Bjørnstjerne Bjørnson. Dei representerer alle tre, på kvar sin måte, ein kritisk, intellektuell kunstnartype: dikteren som lever eit offentleg liv, engasjert og involvert i stridsspørsmåla i samtida.

☞ Inger Hagerup var journalist i den kommunistiske avisa Friheten, ho var litteratur- og teaterkritikal i tidsskriftet Kvinnen og Tiden, ho var einaste kvinnelege medlem av Forfatterforeningen, ho hørte til den venstreradikale Mot Dag-gruppa, og ho var redaktør i barnebladet Maurtua.

☞ Under andre verdskrigen flykta ho til



På karneval i Forfatterforeningen i 1948. Her er forfatter Sigurd Hoel i ivrig diskusjon med Inger Hagerup.

Foto: Scanpix

Sverige, der ho levde i ein koloni av framståande norske forfattarar. I sine siste leveår las ho dikt i sympati med sveltstreikande samar og heldt appell mot den sovjetiske invasjonen i Afghanistan. Som politisk menneske var ho likevel ein fri-tenkjar. Inger Hagerup var aldri medlem av noko politisk parti.

Barnelitteratur og kvinneperspektiv



☛ Mangfald prega også forfattarskapen hennar. Ho er best kjend for ein lyrikk med fascinerande spennvidd, men ho skreiv i tillegg noveller, høyrespel, skodespel, barnebøker og tre memoarar. I tillegg gjendikta og omsette ho store forfattarar som Johann Wolfgang von Goethe, William Shakespeare, Emily Dickinson og Samuel Beckett.

☛ Inger Hagerup var ei viktig kvinneleg røyst i eit litterært landskap dominert av menn. Ho nekta å innordne seg ei tradisjonell kvinnerolle. Ho ville leve eit fullt liv, kunstnarleg og erotisk, på tvers av dei rådande konvensjonane for kvinner. Derfor vart ho òg ein viktig fornyar i norsk lyrikk.

Det *eine* diktet om krigen som vil leve om hundre år



Tyske tropper marsjerer nedover Karl Johans gate i Oslo 20. april 1940. Foto: Ingvald Møllerstad / Aftenposten / Scanpix

☞ Inger Hagerup debuterte med diktsamlinga *Jeg gikk meg vill i skogene* i 1939. Ho heldt fram med samlinga *Flukten til Amerika* i 1942, ein nokså dristig tittel nett da. Krigen var naturleg nok ikkje til stades som ope motiv i

denne samlinga, men han fanst der for dei som ville sjå.

☞ I 1942 hadde ho òg skrive eit dikt ho ikkje kunne gi ut, «Aust-Vågøy. Mars 1941». Dette diktet distribuerte ho til fem menneske ho hadde tiltru til. Derifrå nådde diktet dei frie norske sendingane frå BBC, det prydde heile framsida til ei svensk avis, og det vart trykt i antologiar som kom ut i Sverige. Etter krigen blei diktet trykt i samlinga *Videre* (1945).

☞ Dette vesle diktet gir oss det enklaste og på same tid sterkaste uttrykket for kjensler som prega folk i Noreg gjennom krigsåra. Forfattaren Sigurd Hoel (1890–1960) seier om diktet: «Det falt i Inger Hagerups lodd å skrive det mest berømte diktet fra denne krigen – det *ene* diktet vi alle vet vil leve om hundre år.»

☞ Det er ikkje vanskeleg å forstå kvifor «Aust-Vågøy. Mars 1941» vart så populært. Tankeinnhaldet er enkelt, kjenslene er sterke og samlande. Den lyriske røysta er eit *vi*, og dette var typisk for krigslyrikken. På den måten vart fellesskapen og samhaldet streka under. I tillegg finn vi eit tydeleg samsvar mellom rytme og motiv. Den korthogne rytmen «hamrer med harde, vonde slag» inn verselinjene:

*De brente våre gårder.
De drepte vår menn.
La våre hjerter hamre
det om og om igjen.*

☞ Som mange andre av Inger Hagerups dikt tek også «Aust-Vågøy. Mars 1941» utgangspunkt i ein konkret situasjon. Diktet handlar om den tyske nedbrenninga av Austvågøy i mars 1941. Det var ein straffereaksjon etter at britane hadde greidd å frakte 200 tyske fangar og 300 norske frivillige over til England frå staden.



Frå det allierte angrepet på Lofoten i mars 1941. Bildet viser Stamsund der eit oljelager er sett i brann. Seinare hemna tyskarane seg med å brenne ned Aust-Vågøy. Foto: Scanpix

☞ I knapp og konsentrert form formidlar diktet samstundes den kjensla av usvikleg håp og vilje som var så viktig for motstandsarbeidet under andre verdskrigen. Slik peiker diktet også på noko meir allment enn den konkrete situasjonen det spring ut av.

Ei splitta livskjensle

☞ I målar kunsten og litteraturen har kvinner tradisjonelt fått tildelt tre nokså snevre roller: Dei er anten framstilte som *madonnaer*, idealiserte og ikkje-seksuelle skapningar, eller som *mødrer*, omsorgsfulle og sjølvoppofrande, eller som *horer*, det vil seie prostituerte. I dramatikken var Henrik Ibsen den første som braut med dette, i lyrikken var Inger Hagerup ein pioner. Ho tilførte den norske lyrikken ei kvinneleg røyst som spela på eit breitt og oftast motsetningsfylt kjensleregister, og saman med Halldis Moren Vesaas (1907–1995) var ho den første kvinnelege lyrikaren i landet som skreiv om attrå og fysisk begjær.

☞ Det kvinnelege lyriske eg-et hos Hagerup blir styrt av mange motstridande krefter og kjensler, og ei splitta livskjensle



Inger Hagerup saman med ektemannen og dei to sønene sine. Foto: Ivar Aaserud / Aktuell / Scanpix

er eit gjennomgåande tema i heile forfatterskapen hennar. Dette set ikkje minst sitt preg på kjærleikslarikken:



To tunger har mitt hjerte.

To viljer har mitt sinn.



Jeg elsker deg bestandig,

og jeg blir aldri din,

seier ho om spaltinga av hjartet i diktet «To tunger». Parforholdet er skildra med

dobbel botn, som i diktet «Episode», der avgrunnsdjup avstand og uskiljeleg nærleik blir knytte saman: «Hun merket dypt bak hat og nag og kulde / den spente streng fra hans til hennes hjerte.»

☞ Somme av dikta har ein kjønnspolitisk undertekst. «Sånn vil du ha meg: Som en spøk / ditt trette sinn kan hvile i,» skriv ho i «Sånn vil du ha meg». Men det lyriske eg-et vil vere meir enn eit erotisk leiketøy, hjartet hennar kan «et annet språk / som det må brenne inne med». I diktet «Nærgående brev til Sigurd Hoel og hans tid» kritiserer ho kjønnsideologien til kulturradikalismens menn: «Fra hjernen til kjønnen gikk en direkte linje, / men utenom hjertet, for guds skyld utenom dét.»

«Midt i det skoddeland som heter jeg ...»



Foto: Marius Knutsen / VG / Scanpix

☞ Slik opnar diktet «Detalj av usynlig novemberlandskap». Vi ser her eit sentralt trekk ved Hagerups dikting: identitetstematikken. Den spalta personlegdommen, tapet av meining, angsten, rotløysa og einsemda er typisk modernistiske grunnelement, og i diktinga til Hagerup er denne tematikken tydeleg representert.

☞ Det er røynslene til modernistane ho skriv om, men ho har valt eit tradisjonelt formspråk for sin eigen modernisme. Derfor har ho av somme fått stempel som *melodramatisk modernist*. Den melodramatiske stilen kjem til uttrykk gjennom kjensleladde historier, og Hagerups kombinasjon av situasjonslyrikk og sterke, dramatiske stemningar kan kanskje forsvare ein slik merkelapp.

☞ «Detalj av usynlig novemberlandskap» skildrar eit diffust tåkelandskap og tematiserer det rotlause og rådville ved eg-et. Men i kontrast til dei typiske modernistane *fortel* ho om denne livskjensla – i staden for å *vise* kaoset og oppløysinga gjennom skrivemåten, slik modernistar som Paal Brekke (1923–1993) gjer.

☞ Den same kombinasjonen av modernisme og tradisjonelt formspråk finn vi i dikt som «Nå har atter natten kastet an-

ker», der ho knyter smerte og angst til at mennesket skal forgå: «Svart er ingen farge / men en angst.» I diktet «Den korsfestede sier» sår Hagerup tvil om meninga med tilværet ved å la Gud sjølv tvile:

i Ta meg ned. Det er på tide.
Trodde jeg jeg kunne lide
det som millioner led?
Dachau, Buchenwald og Belsen,
hvor var jeg, og hvor var frelsen?

☞ Dette er den modernistiske opplevinga av meningsløyse i etterkant av røynslene frå krigen.

Ein ny type barnepoesi

☞ Ser vi nærare på formspråket til Inger Hagerup, oppdagar vi meir enn tradisjonelle rim og taktfaste rytmar. Tydelegast finn vi det i barnedikta. Her vel Hagerup å bryte med tradisjonen, ho skaper si eiga form. Slik vart Hagerups barnedikt eit gjennombrøt for ein ny type barnepoesi.

☞ Da diktsamlinga *Så rart* kom ut i 1950, var norsk barnelitteratur prega av realisme og moralisme. Hagerup gjer snarare det motsette: Ho snur realitetane på hovudet, og i staden for å skildre pedagogisk korleis ting er, set ho ord på små, rare spørsmål som alle ein gong har grubla på. Den lyriske røysta har noko djupt uskuldig og tillitsfullt ved seg, til liks med den spontane barnlege undringa, og står i sterk kontrast til Margrethe Munthe-tradisjonen. Stiltonen i dikta varierer frå det groteske til det



Inger Hagerup og Jan-Magnus fekk Kyrkjedepartementet sine prisar for beste barnebøker i 1961.

Foto: Arne Tjensvold / Aftenposten / Scanpix

naivistiske. Somme av dikta kan òg kallast nonsensdikt, det vil seie tekstar utan logisk innhald, der poenget er leiken med ord, rytme og klang.

Forløpar for 60-talslyrikken

☞ Hagerups lyrikk følgjer ikkje berre tradisjonen, men peiker framover mot det som skulle kome i 1960-åra. Dei symboltunge modernistane i femtiåra forkasta Hagerups lyrikk, men sekstitalsmodernistane hadde ei heilt ny og open haldning til han.

☞ Desse sekstitalsmodernistane sokna til ei retning som vi gjerne kallar nyenkel eller konkretistisk. Dei ville bort frå symbolmetta lyrikk og ville «ikke gi kaffekjelen vinger», som ein av forfattarane i denne krinsen, Dag Solstad (1941–), formulerte det.

☞ Vi ser at Hagerups lyrikk i ein viss forstand kan lesast som ein forløpar for denne nyenkle retninga. Inger Hagerup sa sjølv at ho ikkje skreiv dikt. Ho berre sa det som det var.




Foto: Erik Thorberg / NTB / Scanpix

